

<http://www.israelmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Tredje søndag i påsketida – 26. april 2020

Preiketekst: Joh. 10,11-18

Lesetekst I: Esek. 34,11-16

Lesetekst II: 1. Pet, 2, 20-25

HERREN ER MIN HYRDING

Til dagen – hyrdingsøndagen

Denne søndagen, 3.søndag i påsketida vert ofte kalla hyrdingsøndagen. I alle tekstrekkene går dette motivet att, med ulike vinklar. I år på 1.rekkja er det fokus på gjetaren som gjev livet sitt for sauene. Det bibelske motivet er svært gammalt. Bakgrunnen er sentralt jødisk. Abraham, som er stamfaren til jødane, var gjetar og sauebonde. Moses, lova sin store profet, gjette sauene til svigerfar sin, og seinare var han hyrding for Israelfolket i øydemarka. David, den vesle i vekst, men sjølv idealkongen, vart kalla inn frå beitemarkene der han gjette sauer, til sitt store oppdrag. Han har og gjeve oss den mest kjente og brukte av alle salmar, Salme 23: «Herren er min hyrding». I profetlitteraturen møter me fleire gonger på dette temaet, at leiarane var kalla til å vere gjetarar for folket, men svikta. I GT-teksten denne søndagen, i Esekiel 34, vert det halde fram at Gud sjølv skal syne seg som folket sin sanne gjetar. Det siste verset i teksten (v.16), får fram det ein kan kalle ein **hyrdingspegel**: «*Eg vil leita opp dei bortkomne, føra tilbake dei bortdrivne, binda om dei skadde, styrkja dei sjuke, vakta dei feite og sterke og gjeta dei på rett vis.*»

Fint motiv i forkynninga

For mange av oss er hyrding- eller gjetarmotivet noko som har blitt kjært for oss frå me var ganske små. På mitt barndoms bedehus hang bilete av Jesus med den lange raude kjortelen og hyrdingstaven, og sauene som følgde etter han. Når talane kunne bli lange til tider, var det godt å feste blikket på det bildet, og det har følgd meg sidan. I år var det planlagt konfirmasjon denne søndagen, og ein slik tekst som dette vel ein ikkje bort ein slik dag. Den er kjærkommen! Så skjedde det at konfirmasjonen er utsett på grunn av coronaviruset, og me har usikre tider. Mange kjenner på ei tid, der ein kan få assosiasjonar til den ville og utilgjengelege øydemarka som prega ein gjetar sitt liv på Jesu tid; bratte stup og djupe vatn...

Rop etter ein god gjetar i ei usikker coronatid.

I skrivande stund har me nett tilbakelagt den første påska i manns minne, der det ikkje har vore feira offentlege gudsteneste. Samstundes har notida sine gode digitale verktøy vorte brukte som aldri før. Det har vore ein fryd å følgje med på! At sekulære media også har vore gode på å trekkje fram det sentrale i påskebodskapen er mykje å takke for! I ein svært lesverdig leiarartikkel i VG skreiv Hanne Skartveit påskeafta: "*Nå som døden brått har rykket nærmere, gjennom et virus som herjer verden, kan det hjelpe å gå inn i historier som har gitt styrke til mennesker i snart to tusen år. Påskefortellingen lar seg ikke bevise. Det handler om tro og tvil. Men resultatet er klart - den har dannet grunnlag for et tankesett der vi beundrer menneskers vilje til å ofre seg for andre.*".

Vidare trekkjer Skartveit fram dei mange som har ofra seg for andre. Ho nemner først fransiskarpresten Maximillian Kolbe i konsentrasjonsleiren i 1941. Han tok straffa til medfangen Franciszek Gajowniczek, som hadde familie heime i Polen. Ho trekkjer fram helsepersonell og butikktilsette og andre som ofrar mykje i ei slik tid. Gjennom alle eksempel lyser likevel Jesu offer, som gjev tilgjeving og nytt liv! Den er ei grunnforteljing som syner sin slitestyrke nett i usikre coronatider. Dette får VG-leiaren fram påskeafta 2020!

Eg er den gode gjetaren

Det er dei første orda som møter oss i teksten vår i Johannesevangeliet. Nett der finn me mange slike «eg er» -utsegn av Jesus, ja heile sju i alt:

Eg er livsens brød (Joh 6,35) Eg er vintreet (Joh 15,1) Eg er oppstoda og livet (Joh 11,25) Eg er lyset i verda (Joh 8,12) Eg er vegen, sanninga og livet (Joh 14,6) Eg er porten (Joh 10,9) Eg er den gode gjetaren (Joh 10,11).

Bibelteologisk er desse utsegna svært viktige. Dei gjeld Jesu eigen sjølvforståing og presentasjon. Når Moses spør etter Guds namn i 2.Mos.3, når han fekk i oppdrag å føre israelittane ut av Egypt, var svaret: «*Eg er* har sendt meg til dykk (v.14)... Dette er mitt namn til evig tid.»(v.15).

Johannes gjer og eit viktig poeng av dette i lidingsforteljinga, litt seinare i kap.18. Når han blir teken til fange, og han sjølv går fram og spør vaktstyrken kven dei leitar etter, presenterer han seg med *ego eimi* – gresk for «eg er», «*det er meg*». I det han opptrer med ein slik mynde og ei slik kraft, «tumla dei bakover og fall til jorda» (v. 6).

Det Johannes får fram i dette er at Gud verkelegjer sin plan i alt det som skjer med Jesus: Han er verkeleg den som Gud har sendt; Israels Messias og verdens Frelsar! Den andre leseteksten i 1.Pet. 2,20-25 får fint fram frukta av Jesu oppofrande gjerning, også med eit *førebilete* for oss.

Jesus har tala om rette og falske gjetarar. No legg han til her i vår tekst at han sjølv er «den gode gjetaren». Det greske ordet som vert gjeve att med «god», *kalos*, tyder ikkje godhjarta, men har ei grunntyding med «vakker», idealistisk og feilfri. «Den gode gjetaren» tyder altså ein gjetar som er slik ein gjetar skal vere. Den beste eigenskapen

ved han er at han gjev livet sitt for sauene. Dette til forskjell frå leigekarar, ulvar som vil øydelegge flokken, med å gjere det som er vrannt til rett. Difor er det viktig å høyre på den gode gjetaren si stemme. Det kan me lære av sauene som følgjer berre sin eigen gjetar.

I vår tekst talar og Jesus om andre sauer som ikkje høyrer til denne flokken. Då får me tru at han tenkjer på dei andre folkeslaga som skal komme til tru på han. Jesus ser i dette fram til det som skal skje når han skal leie dei jødiske truande ut av innhegninga, slik at dei kan sameinast med dei av folkeslaga som kjem til tru på han. Sjå Kol.3,11b: «*Kristus er alt, og i alle*»

Frelse for Jesu eige folk

Ja, det bør gjerne utdjupast dei evige lovnadane, denne søndagen inneheld for Jesu eige folk, jødane. Eit vidare studium også av GT-teksten i Esek 34 er å tilråde. Bjarne Storset sine interessante kommentarar i Bibelverket. Den får fram både det nådige oppgjer Gud har med sitt folk og den gjenopprettinga som ein dag skal bli. Eg synst dette er naturleg å nemne her, i ein slik tekstgjennomgang i preikeverkstaden. Som Storset skriv, vert Israelfolket sin heimkomst frå Babylon skildra hos Esekiel. Så legg han til for eigen del:

«Men i vidare perspektiv ser vi oppfyllelsen av dette løfte virkeliggjort på nytt i hendingene omkring den nye staten Israel (i 1948). Til og med i flybårne transporter landet jøder fra alle verdens kanter, bøygde seg og kysset israelsk jord.» - (skrive i 1981).

Audun Systad

Sokneprest i Hyllestad og medlem av krinsstyret DNI Sogn og Fj.

audun.systad@hyllestad.kyrkja.no